

Uskedalshundar viste kva dei kan

12.02.2011



Camilla Jensen, her med Ozzy, er ein aktiv og entusiastisk leiar av hundeklubben. Her er dei to i aksjon i Storsenteret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Camilla Jensen med den australske fårehunden Ozzy og Isabell Wallentinsen med golden retrieveren Vanilla fekk fortente klapsalvar i Storsenteret på Husnes i føremiddag.



Isabell Wallentinsen med Vanilla under oppvisningen på Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei to uskedelingane stilte i oppvisning for første gong og hundane deira imponerte med mange triks. Det er utruleg kva ein kan læra ein hund opp til.

Aller mest imponerte nok border collien Kira til Atie Skarveland frå Sandvoll med å finna att den rette klesklypa i ein storhaug!

Fire hunderasar var representerte og den fjerde var den norsk/svensk/danske Leon til Erna og Mathilde Mikkelsen, som bur på Sunde.

Camilla hadde grunn til å vera storfornøgd både med hundane og avviklinga og showet fristar så absolutt til reprise. Det var skikkeleg PR for Kvinnherad Hundeklubb, som har 70 medlemmar, som blir leia av ein aktiv og entusiastisk Camilla og som har eksistert sidan 1973.

Det heiter i føremålsparagrafen at klubben skal arbeide for eit godt hundehald bade for hund, eigar og miljøet rundt. Klubben arrangerer kvelpekurs, agilitykurs, dressurkurs og vidaregåande kurs, men har få instruktørar. Difor er det ikkje så lett å halda kontinuerleg kursing.

Agility er eit ord mange sikkert har undra på. Det tyder smidigkeit og går ut på at hunden skal gjennom ei rekke hinder.

Onsdag er det lydighetskurs på barneskulen på Sunde.

Klubben kan også by på løp med og utan hinder – 60 meter rett fram og 2 gongar i året. Klubben eig også ein saccovogn, som hundane dreg og som ein kan sitja oppi.

Av Ola Matti Mathisen